

Hjorten bukka under

08.02.2010

Ein fire år gamal bukk som har vore observert i Musland-området dei siste dagane er no funnen død i vegkanten. Hjorten var kraftig avmagra og i svært dårleg form og er truleg eit offer for den uvanleg harde vinteren.

- Det er no grunneigaren si oppgåve å fjerna hjorten, seier viltforvaltar Leiv Tryge Varanes til uskedalen.no.

Han har fått meldingar om denne hjorten fleire gonger i helga.

Sjølv om vinteren er hard har Varanes så langt ikkje fått melding om fleire hjortar som har bukka under.

- Men det vil slett ikkje vera uventa at det etter kvart kjem meldingar om fleire døde dyr denne vinteren. Eg finn heller ingen spesiell grunn til å beklaga at dei svakaste bukkar under, seier viltforvaltaren.

Av Ola Matti Mathisen